

Vedlegg God Helse-samarbeidsavtale

Kommune: Volda kommune

Innhold:

Del 1: Tilskot.....	2
Del 2: Kontaktopplysningar på ressurspersonar.....	2
Del 3: Folkehelseutfordringar og prioriterte arbeidsområde i eigen kommune.....	3
Del 4: Endring etter at avtalen er inngått.....	4

Del 1: Tilskot

Volda kommune har 10 473 innbyggjarar pr 01.01.2020 og er derfor på nivå 2 kor det blir gitt årlig tilskot på kroner 150 000 til kommunen for perioden (med føresetnad om løyving på budsjett). Vilkår rundt tilskotet står i samarbeidsavtalen punkt 7, økonomi og rapportering.

Kontonummer for føring av tilskot: **3991 11 94590**

Del 2: Kontaktopplysningar på ressurspersonar

Fylkeskommunen:

Kontaktperson for folkehelsearbeid i fylkeskommunen

Namn: Sigrí J. Spjelkavik
Stilling: rådgivar folkehelse
E-post: sigri.spjelkavik@mrfylke.no
Telefon: 71 28 03 04

Leiar i fylkeskommunen med særskilt ansvar for folkehelsa

Namn: Rigmor Hustad Holen
Stilling: seksjonsleiar
E-post: rigmor.h.holen@mrfylke.no
Telefon: 71 28 04 23

Kommunen:

Kontaktperson for folkehelsearbeid i kommunen

Namn: Ulrik Vik Nakken
Stilling: Frisklivs- og folkehelsekoordinator
E-post: ulrik.vik.nakken@volda.kommune.no
Telefon: 917 29 469

Leiar i kommunen med særskilt ansvar for folkehelsa

Namn: Svein Berg Rusten
Stilling: Kommunalsjef helse og omsorg
E-post: svein.berg.rusten@volda.kommune.no
Telefon: 918 68 329

Del 3: Folkehelseutfordringar og prioriterte arbeidsområde i eigen kommune

3.1 Kommunen sine viktigaste folkehelseutfordringar (maks 100 ord)

Fordelinga i aldersgrupper vil endre seg i retning av at vi blir fleire eldre og færre i yrkesaktiv alder – dette betyr at forsørgarbyrda aukar og det vil truleg bli større etterspørsel etter helse- og omsorgstenester. Fleire bur åleine. Ungdataundersøkinga syner at fleire unge er plaga av einsemd enn tidlegare og talet på ungdom som er mykje plaga av einsemd og av depressive symptom er høgare enn både lands- og fylkesnittet. Sosiale skilnadar har auka dei siste åra både målt gjennom inntektsulikheit og gjennom levealder for dei med høg utdanning samanlikna med levealder for dei med låg utdanning. Talet på låginntektsfamiliar har også auka dei siste åra og Volda kommune har ein høgare del av befolkinga i låginntektsfamiliar enn fylket.

3.2 Skisser prioriterte arbeidsområder for den enkelte kommune sett opp mot kommunen sine folkehelseutfordringar for avtaleperioden. Kva vil kommunen gjere for å møte desse utfordringane i avtaleperioden?

FN sine berekraftsmål skal vere synlig i all planlegging i Volda kommune. FN sine berekraftsmål er inndelt i tre dimensjonar; økonomi, sosiale forhold og klima/miljø. Gjennom to arbeidsmøter hausten 2020, der formannskapet, leiargruppa og folkehelsekoordinator har delteke, har Volda kommune valt ut sju prioriterte berekraftsmål. Berekraftsmåla som blei valt ut var berekraftsmål nr. 3, 4, 9, 11, 13, 16 og 17.

Mål: Styrke det tverrsektorielle folkehelsearbeidet og utarbeide handlingsplan

Samskaping og tverrsektorielle samarbeid er ein viktig del av det kommande folkehelsearbeidet og vil vere avgjerande for at vi skal nå FN sine berekraftsmål. Volda kommune har som følgje av kommunesamanslåinga med nye kommunegrenser 01.01.2020 også gjort endringar i kommunen sitt organisasjonskart. I det nye organisasjonskartet er det opna for å opprette ei eigen tverrsektoriell arbeidsgruppe som skal arbeide med folkehelsearbeidet. Volda kommune vil i avtaleperioden vidareutvikle det tverrsektorielle folkehelsearbeidet gjennom å opprette ei slik arbeidsgruppe der representantar frå alle sektorar bør vere representert. Folkehelse er eit overordna og førande prinsipp i kommuneplanen sin samfunnsdel. Det bør også utarbeidast ein handlingsplan for folkehelsearbeidet, basert på folkehelseoversikta.

Mål: Førebygge utanforskap - Redusere sosial ulikheit og betre psykisk helse

Sosiale skilnadar har auka dei siste åra i Volda kommune målt mellom anna gjennom inntektsulikheit og levealder for grupper med ulik utdanningsnivå. Samtidig har talet på personar i låginntektsfamiliar auka. Folkehelseloven § 5 seier at kommunen skal vere særleg merksam på trekk ved utviklinga som kan skape eller oppretthalde sosiale eller helsemessige problem eller sosiale skilnadar. Det er eit sentralt mål for folkehelsearbeidet å arbeide for å redusere sosial ulikheit i helse. Grunnlaget for framtidig helse blir lagt i dei tidlegaste åra av livet. Ein god barndom og ungdomstid har stor betydning i eit livsløpsperspektiv og kan spare den enkelte og samfunnet for store sosiale og økonomiske kostnader. Møre og Romsdal fylkeskommune er programfylke i den nasjonale satsinga «Folkehelseprogrammet» der målgruppa er barn og ungdom 0-24 år og Volda kommune vil søke om å bli med i «Folkehelseprogrammet» for å styrke det førebyggjande arbeidet retta mot barn og ungdom si psykiske helse og førebygge utanforskap.

Del 4: Endring etter at avtalen er inngått

Løpenr.	Dato	Endringa gjeld
1		
2		
3		
4		
5		